

Vil kutte utslepp med P-avgifter

Frå vinteren må folk betale P-avgift for kvar dag dei kører bil til skiheisen i Hemsedal.

TOR FOLGERØ
tf@hallingdolen.no

Før var parkering gratis for alle. Men no blir det avgift, med mindre du kjøper riktig type sesongkort eller parkerer lenger unna.

Trudde du Skistar innfører P-avgift for å tene endå meir pengar? Nei, dette er eit tiltak for å bli endå meir berekraftige, fortel selskapet på si eiga nettside.

- Forurensar betaler

Skistar skal halvere klimautsleppa innan 2030. Eitt av grepene er å ta betalt for parkering. Selskapet har eit stort utval overnattingssstader med «ski in/ski out». Når det i tillegg er eit godt skibusstilbod,

ligg alt til rette for at folk kan la bilen stå.

Inntektene frå P-automatane skal gå til å investere i berekraft: Dei skal ta i bruk maskiner som brukar biodrivstoff og også investerer i fleire elbil-ladarar. Dessutan vil dei gjere det enkelt for gjestene å kjeldesortere avfall.

– Me står midt i det grøne skiftet, og Skistar vil vere med å bidra til dette. Men denne omlegginga må finansierast. Pengane som kjem inn gjennom parkeringsavgiftene, vil gå til dette arbeidet, seier Andreas Smith-Erichsen, Skistar-sjef i Hemsedal.

Råd å betale seg fri

Kring halvparten av P-plassane skal framleis vere gratis. Men P-plassane det er mest røft om, nærmast skiheisen, vil bli avgiftsbelagt. Blir du irritert av parkeringsavgifter? Trøysta er at du kan kjøpe deg fri viss

du oppgraderer til eit dyrare sesongkort.

For ein familie med tre barn kostar det 32.975 å kjøpe sesongkort i Hemsedal. For 2200 kroner ekstra, kan familien oppgradere sesongkortet til å gjelde alle Skistar sine anlegg i Sverige og Norge. Då nyt dei samtidig godt av gratis parkering, både i Hemsedal, Trysil, Åre, Vemdalen og Sälen.

– Viss folk kjøper Skistar All innan 1. november, er det dette som er det billigaste alternativet, der også parkering er inkludert, seier Smith-Erichsen.

– *Vårt målet er å redusere klimautslepp, kva er logikken i å skjerme folk som reiser mellom fem ulike skidestinasjonar frå å betale P-avgift?*

– I dag finst det miljøvenlege alternativ til å reise. Dessutan brukar me deler av inntekten til å byggje ut ladekapasitten på el-billadarar. Me har ein plan og eit opplegg for å gjere

gjestereisene meir miljøvenlege, seier han.

- Ingen negative reaksjonar

P-avgifta får blanda mottaking lokalt. Hallingdølen har snakka med folk i skimiljøet som blir irritert av auken i pengekrav. Andre meiner det er eit pluss dersom P-avgift kan føre til at det blir mindre kaos på parkeringsplassane.

– *Også Fri Flyt har skrive om sak. Kva reaksjonar har kome?*

– Me har ikkje opplevd negative reaksjonar. Hugs på at dei som har Skistar All-kortet, har gratis parkering. Det er dette kortet dei aller fleste kjøper. Og folk med andre kort, kan parkere gratis litt lenger unna. P-avgifta gir oss dessutan sjansen til å styre parkeringa betre, seier han.

Rabatten har krympa

Styreleiar Hege Austheim Jacobsen i Hemsedal IL ønskte



Skistar-sjef i Hemsedal, Andreas Smith-Erichsen. ARKIVFOTO: TORUNN AKERSVEEN LIED

ikkje å kommentere endrингane, før styret hadde fått meir informasjon om korleis endrингane slår ut for medlemmene. Ifølgje nettsida til Hemsedal IL gir Skistar 50 prosent rabatt på «lokale sesongpass» til idrettslagsmedlemmer også for den komande vintersesongen.

– Dette er feil. Det er 25 prosent rabatt til innbyggjarar som er medlem i Hemse-dal IL. Lokal ungdom som er medlem av idrettslaget, kører gratis til og med 15 år, mens 16- og 17-åringar får 25 prosent av ungdomspris, opplyser Smith-Eriksen.

– *Kva blir konsekvensen av det nye parkeringsregimet for bygdefolk med «lokale sesongpass»?*

– Alle med Skistar All parkeerer gratis alle stader, med unntak av parkeringshusa. For andre type skipass er det gratis for alle på utvalde stader på austsida av Skiheisvegen, seier Smith-Erichsen.